



# Gjennomstrøyming og fråfall ved Høgskulen på Vestlandet

Av Lene Borgen Waage og Terje Erik Bjelle



© Lene Borgen Waage, Terje Erik Bjelle

Høgskulen på Vestlandet  
2020

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 5-2020

**ISSN** 2535-8103

**ISBN** 978-82-93677-18-5



Utgjeingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.  
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

# Samandrag

I dette arbeidet er me opptekne av gjennomstrøyming og fråfall i utdanningane ved Høgskulen på Vestlandet.

Me er opptekne av skilnader og variasjonar mellom HVL og andre universitet og høgskuler og internt ved HVL. Her ser me på skilnader og variasjonar mellom fakultet og utdanningstypar, mellom campusane og andre variablar som verkar inn. Me tek utgangspunkt i tilgjengeleg forskning på området, før me gjennomfører ein analyse basert på studentdata frå HVL.

Analysen understøttar i all hovudsak tidlegare forskning om at

- kvinner har høgare studiepoengproduksjon enn menn,
- auka alder ved opptak gir lågare studiepoengproduksjon
- auka karaktergjennomsnitt frå vidaregåande skule gir høgare studiepoengproduksjon
- nokre typar studium har lågare studiepoengproduksjon enn andre.

Me ser også på studentane sin busituasjon og finn at avstand studiestad-heimstad har signifikans, men låg effekt.

Me ser at Sogndal har ein positiv campuseffekt. Me tilrår derfor at HVL ser nærare på kva som er årsaka til dette, til dømes gjennom rekrutteringsundersøkinga retta mot nye studentar og oppfølginga av denne.

EMNEORD: Høgre utdanning, Høgskulen på Vestlandet, gjennomføring, fråfall.

## **Forord**

Høgskulen på Vestlandet er ein ny institusjon, etablert 1. januar 2017 gjennom ein fusjon mellom Høgskolen Stord/Haugesund, Høgskolen i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane. For ein ny høgskule er det viktig med kunnskap om korleis institusjonen ligg an med omsyn til viktige styringsparametrar som gjennomstrøyming og fråfall i utdanningsprogramma.

Rapporten er blitt til i samarbeid med mange medarbeidarar i høgskulen, både i fellesadministrasjonen og ved fakulteta. Me takkar alle involverte. Resultata og konklusjonane tek forfattarane sjølve ansvaret for.

Stord/Sogndal, juni 2020

## INNHALD

Samandrag .....	3
Forord .....	4
Innleiing.....	8
Gjennomstrøyming og fråfall ved HVL .....	9
Gjennomstrøyming og fråfall i bachelorutdanningane i dei tidlegare høgskulane .....	10
Kva veit me om gjennomstrøyming og fråfall frå tilgjengeleg forskning?.....	12
Bytte av utdanning versus fråfall frå høgre utdanning .....	12
Institusjonelle årsaker .....	13
Individuelle faktorar .....	14
Studentane sin livssituasjon og integrasjon i studiemiljøet.....	15
Andre faktorar.....	16
Datagrunnlag og metode .....	17
Datagrunnlag .....	17
Operasjonalisering av den avhengige variabelen for gjennomføringsgrad .....	18
Kjenneteikn ved den avhengige variabelen: Studiepoeng første studieår .....	19
Modell for analyse.....	21
Deskriptiv statistikk og bivariate analysar .....	22
Variasjonar mellom kjønn .....	22
Variasjonar mellom aldersgrupper.....	22
Variasjon etter avstand studiestad og heimstadaadresse .....	23
Variasjonar etter karaktersnitt frå vidaregåande skule .....	25
Variasjonar mellom fakultet, institutt og utdanningstype.....	26
Variasjonar mellom campus .....	29
Regresjonsanalyse .....	33
Analysar med type studium og fakultet som uavhengig variabel .....	34

Nærare om campuseffekt.....	37
Konklusjon.....	39
Tilrådingar om vidare arbeid.....	39
Referansar .....	40
Vedlegg 1 Type studium og studieprogram.....	42
Vedlegg 2 Studiumvise analysar.....	45
Sjukepleie .....	45
Barnehagelærerutdanning.....	49
Grunnskulelærerutdanninga .....	52
Økonomi og administrasjon .....	55
Ingeniør.....	59
Vedlegg 3 – Test på forklaringskraft for modellen .....	63
Vedlegg 4 Campus og type studium .....	65

## TABELLAR

TABELL 1 GJENNOMSTRØYMING PÅ NORMERT TID (3 ÅR) I BACHELORUTDANNINGANE FOR KULL MED OPPSTART 2010-2016 (KJELDE: DBH) .....	10
TABELL 2 FULLFØRING PÅ NORMERT TID (3 ÅR) FOR STARTKULL H 2016 (KJELDE: DBH) .....	11
TABELL 3 KVALIFIKASJON ETTER SEKS SEMESTER (KJELDE: FS).....	19
TABELL 4 VARIASJONAR MELLOM KJØNN I UTVALET (KJELDE: FS) .....	22
TABELL 5 VARIASJONAR MELLOM ALDERSGRUPPER (KJELDE: FS) .....	22
TABELL 6 FORDELING AV TID MELLOM STUDIESTAD OG REGISTRERT HEIMEADRESSE MELLOM CAMPUSANE (KJELDE: FS) .....	23
TABELL 7 VARIASJONAR MELLOM TID STUDIESTAD OG REGISTRERT HEIMEADRESSE (KJELDE: FS OG AVSTANDSMATRISJE) .....	25
TABELL 8 VARIASJONAR MELLOM ULIKE KARAKTERGJENNOMSNIITT FRÅ VIDAREGÅANDE SKULE I UTVALET (KJELDE: FS) .....	26
TABELL 9 VARIASJONAR I AVLAGTE STUDIEPOENG FØRSTE STUDIEÅR MELLOM FAKULTET (KJELDE: FS) 26	
TABELL 10 VARIASJONAR I AVLAGTE STUDIEPOENG FØRSTE STUDIEÅR PÅ FHS (KJELDE: FS) .....	27
TABELL 11 VARIASJONAR I AVLAGTE STUDIEPOENG FØRSTE STUDIEÅR PÅ FLKI (KJELDE: FS) .....	27
TABELL 12 VARIASJONAR I AVLAGTE STUDIEPOENG FØRSTE STUDIEÅR PÅ FIN (KJELDE: FS) .....	28
TABELL 13 VARIASJONAR I AVLAGTE STUDIEPOENG FØRSTE STUDIEÅR PÅ FØS (KJELDE: FS) .....	29
TABELL 14 VARIASJONAR I AVLAGTE STUDIEPOENG FØRSTE STUDIEÅR MELLOM CAMPUS (KJELDE: FS) ..	29
TABELL 15 REGRESJONSANALYSAR (KJELDE: SPSS).....	34
TABELL 16 TESTAR FORKLARINGSKRAFT MODELLAR I ANALYSEN (KJELDE: SPSS) .....	63
TABELL 17 VARIASJONAR I AVLAGTE STUDIEPOENG FØRSTE STUDIEÅR PÅ CAMPUSA (KJELDE: FS) .....	65

## FIGURAR

FIGUR 1 FORDELING STUDIEPOENGPRODUKSJON I UTVALET (KJELDE: FS) .....	20
FIGUR 2 VARIASJONAR I STUDIEPOENGPRODUKSJON MELLOM CAMPUSANE, GITT ULIKE KARAKTERGJENNOMSNIITT (KJELDE: FS) .....	31

# Innleiing

Kor stor del av studentar som fullfører på normert tid (gjennomføringsgrad) er eit nasjonalt styringsparameter frå Kunnskapsdepartementet. Å fullføre på normert tid betyr mykje for kvar einskild student, men også for samfunnet. Ettersom Høgskulen på Vestlandet (HVL) er resultatfinansiert, har gjennomføringsgraden også store økonomiske konsekvensar for høgskulen.

Normert produserer ein heiltidsstudent 60 studiepoeng i løpet av eit studieår. Om studenten produserer mindre enn 60 studiepoeng per studieår kan han/ho framleis fullføre, men brukar då lengre tid enn det som er normert. Når studentar sluttar på studiet, startar ei anna utdanning eller avsluttar høgere utdanning, blir det rekna som fråfall.

Av dei som byrja på eit bachelorprogram i universitets- og høgskulesektoren i 2014 var det i gjennomsnitt 47 % som fullførte det aktuelle studiet på normert tid (tre år). Andelen auka til 53 % etter fire år (Kunnskapsdepartementet, 2018).

I dette arbeidet er me opptekne av gjennomstrøyming og fråfall første studieår i treårige bachelorutdanningar og integrerte femårige masterprogram (i praksis grunnskulelærar) ved HVL. Bachelorprogram er den dominerande utdanningstypen ved HVL. Hausten 2019 er 53% av studentane registrerte ved slike utdanningar (DBH, 2019).

Formålet med analysen er å seie noko om gjennomstrøyming og fråfall ved HVL og korleis det skil seg frå situasjonen i sektoren under eitt. Me er opptekne av skilnader og variasjonar mellom fakultet og utdanningstypar, mellom campusane og andre variablar som verkar inn. Me tek utgangspunkt i tilgjengeleg forskning på området, før me gjennomfører ein analyse basert på studentdata frå HVL.

Hovudspørsmåla er:

1. Korleis og i kva grad skil HVL seg ut i høve til samanliknbare institusjonar når det gjeld gjennomstrøyming og fråfall?
2. Med utgangspunkt i tilgjengeleg forskning på området: Kva kjenneteiknar studiepoengproduksjonen og fråfall i HVL i høve til utdanningstype, kjønn, alder, karaktergrunnlag vidaregåande skule, reisetid og campus?



# Gjennomstrøying og fråfall ved HVL

Først nokre ord om samansetjing av studentmassen ved HVL med vekt på bachelorutdanningane (Kjelde DBH):

- HVL er største høgskulen i landet med 16.590 registrerte studentar hausten 2019. Bergen er størst av dei fem campusane med vel 9000 studentar, Førde minst med vel 900.
- Av fakulteta har Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett ( FLKI) flest studentar med knapt 7000. Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS) er minst med vel 2000.
- 8795 studentar (53%) er registrerte ved 3-årige bachelorprogram hausten 2019. Bachelorandelen er noko høgre ved HVL enn for statlege høgskular samla (48,3%) og heile uh-sektoren (45,5%). Del studentar knytt til bachelorprogram er høgst ved Campus Haugesund og Campus Førde (nær 70%) og lægst ved Campus Stord (33%).
- 49% av studentane ved bachelorprogramma er kvinner. Kvinnedelen på slike utdanningar er lægre ved HVL enn for statlege høgskular samla (60,5%) og for heile uh-sektoren (57,3%). Den høge delen menn på bachelorprogramma heng saman med at HVL har relativt stort innslag av teknologiske utdanningar. Ser ein HVL under eitt, er kvinnedelen på nivå med andre statlege høgskular (ca 65%) og noko høgre enn for heile sektoren (60%). Del kvinner på bachelorprogramma er klårt høgst på Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) (82,4%) og FLKI (74,1%). Kvinnedelen er lågst ved FIN (28,7%) og FØS (44%).
- 69,6% av bachelorstudentane ved HVL er 24 år eller yngre. Det er nær gjennomsnittet for statlege høgskular samla (71,6%). Andel unge studentar er om lag lik (ca 70 %) ved alle fire fakultet.
- Det er små skilnader mellom fakulteta når det gjeld gjennomsnittleg opptakspoeng i det nasjonalt samordna studentopptaket i 2019 (ca 40 poeng utan tilleggspoeng av noko slag). Men det er skilnader mellom dei ulike programma og mellom campusane. For dei gamle høgskulane varierte det i 2016 mellom 38,4 ved Høgskolen Stord/Haugesund og 42,3 ved Høgskolen i Bergen.

På institusjonsnivå ligg HVL høgt på gjennomføring på normert tid. Knapt 58% av dei som starta ei bachelorutdanning i 2016 fullførte i løpet av tre år, noko som plasserer HVL i toppen av institusjonane i landet (Kjelde DBH/Nasjonale styringsparametre). Berre nokre få, relativt små og fagleg spesialiserte institusjonar har høgre prosentdel som fullfører på normert tid.

## Gjennomstrømming og fråfall i bachelorutdanningane i dei tidlegare høgskulane

Høgskulen på Vestlandet vart etablert 1. januar 2017 etter ein fusjon mellom Høgskolen Stord/Haugesund (HSH), Høgskolen i Bergen (HiB) og Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). Me skal sjå litt på gjennomstrømming og fråfall i dei tidlegare høgskulane.

*Tabell 1 Gjennomstrømming på normert tid (3 år) i bachelorutdanningane for kull med oppstart 2010-2016 (Kjelde: DBH)*

	Kull h-2010	Kull h-2011	Kull h-2012	Kull h-2013	Kull h-2014	Kull h-2015	Kull h-2016
HiB	57,9	56,3	57,8	57,5	58,2	60,2	61,5
HiSF	61,4	60,6	60,5	61,9	61,9	64,9	58,4
HSH	46,0	46,6	44,8	47,2	47,1	43,7	47,3
Statlege høgskular	51,7	52,6	51,9	53,1	53,5	54,3	53,6

*Tala gjeld %-del av dei som var registrert møtt i første semester som har fullført etter tre år*

Tabellen viser markerte skilnader mellom dei tre gamle høgskulane. HiSF og HiB låg klårt over gjennomsnittet for statlege høgskular alle åra når det gjeld fullføring på normert tid. HSH låg under dette gjennomsnittet.

Dersom me vel ut nokre større einskildutdanningar som var rammeplanstyrte og som var representerte på alle dei tre høgskulane, får me mykje det same biletet:

*Tabell 2 Fullføring på normert tid (3 år) for startkull h 2016 (Kjelde: DBH)*

	HiB		HiSF		HSH		Statlege høgskular	
	Fullf.	Fråfall	Fullf.	Fråfall	Fullf.	Fråfall	Fullf.	Fråfall
Alle bachelorprogram	61,5	21,9	58,4	20,7	47,3	26,8	53,6	25,4
Ingeniør	57,0	23,2	58,5	9,4	41,4	30,3	49,6	24,6
Barnehage	63,7	20,2	60,3	20,7	62,1	24,2	60,0	21,6
Sjukepleie	80,4	10,6	69,1	13,6	57,1	17,6	62,9	16,5
Økonomi-administrasjon	48,8	34,3	49,7	20,3	26,2	40,9	44,1	27,0

Med unntak for barnehagelærerutdanning, hadde HSH lægre andel som gjennomførte på normert tid. Det gjeld både i forhold til gjennomsnittet av statlege høgskular og jamført med dei to andre tidlegare høgskulane.

Det er interessant å sjå nærare på desse skilnadene i den vidare analysen. Særleg er det av interesse å sjå på dei to campusane som utgjorde tidlegare HSH (Haugesund og Stord), om biletet er det same på campusnivå og om det eventuelt er forklaringar på den svakare gjennomføringa.

## Kva veit me om gjennomstrøyming og fråfall frå tilgjengeleg forskning?

Fråfall kan handla om mykje, slik som private forhold som graviditet og helse, at ein finn ut at ein har valt feil fag, at ein heller vil i jobb, at ein ikkje trivst på studiestaden mm. Hovdhaugen (2012) skil mellom tre hovudårsakar til fråfall: Strukturelle årsaker knytt til finansiering og innretning på utdanningssystemet, institusjonelle årsaker knytt til type studium og eigenskapar ved utdanningsinstitusjonen og individuelle årsaker knytt til studentane sin bakgrunn og motivasjon.

Tilgjengelege data og studiar om gjennomstrøyming og fråfall i høgre utdanning handlar i stor grad om skilnader mellom ulike institusjonar og utdanningstypar og om eigenskapar ved studentane. Hovdhaugen og andre sine arbeid viser generelt at me finn flest forklaringar på individnivå, og relativt få granskingar som fokuserer på årsaker som har med institusjonen eller utdanningssystemet som heilskap å gjera (E. Hovdhaugen, 2019).

### Bytte av utdanning versus fråfall frå høgre utdanning

Nokre studentar sluttar for å ta ei anna utdanning eller studera ein annan stad. Andre forlet høgre utdanning for godt. Sosiologen Vincent Tinto skil mellom desse to og brukar omgrepa *institutional departure* og *system departure*, og meiner det er ulike årsaker til dei to fråfallstypane (Tinto, 1993).

Fleire studiar (E. Hovdhaugen, 2009), (Aamodt, 2011) viser at det å slutta i høgre utdanning for godt (system departure) i stor grad er relatert til studentane sin bakgrunn, særleg karakterar frå vidaregåande skule, kjønn, alder og foreldra sitt utdanningsnivå og sosiale status.

Det å slutta på ei utdanning for å byrja på ei ny er derimot i liten grad relatert til bakgrunnsfaktorar. Det er ein svak effekt av alder ved at yngre studentar tenderer mot å bytte studium oftare enn eldre, og studentar med minoritetsbakgrunn byter studium i klårt mindre grad enn studentar med majoritetsbakgrunn. Elles betyr ikkje bakgrunnsfaktorane så mykje for det å

slutta og byrja på ei ny utdanning. Derimot er det større effekt av fagområde, av det å ha eit klart mål med studiet og av å vere motivert - av interesse for faget eller karriere. Dette peikar igjen mot at det er ulike årsaker til ulike typar fråfall, noko som i sin tur indikerer at det neppe er dei same tiltaka som har effekt på alle typar fråfall (E. Hovdhaugen, 2019)

## **Institusjonelle årsaker**

Hovdhaugen 2019 peiker på at fråfall på institusjonsnivået er knytt til innhald og omgjevnader for studiet. Dette kan t.d. dreie seg om designet på studiet, kvaliteten i studiet og læringsmiljøet (NOKUT, 2016). Under omtalar me forskning som viser korleis type studium og studia sine omgjevnader påverkar fråfall.

### **Type studium**

Når me ser nærmare på ulike studium og institusjonstypar finn me at:

- Universiteta har generelt lågare gjennomstrøyming og høgre fråfall i bachelorprogramma enn høgskulane, særleg dei gamle universiteta (UiO/UiB 30-40%). Dei nye ligg høgre (UiA/UiS 40-45%). Små institusjonar med konsentrert fagtilbod har minst fråfall (Kunnskapsdepartementet, 2016)
- Profesjonstunge institusjonar med veldefinerte studieprogram har stort sett betre gjennomføring (Hovdhaugen E. og Vibe, 2014).
- Det er generelt lægre fråfall i profesjonsutdanningar enn i dei generelle, fagorienterte utdanningsløpa. Universitetsprega akademiske disiplinar (HF, SV, MN) har lægre gjennomføring og større fråfall (Hovdhaugen E. og Vibe, 2014).
- Kvinnedominerte utdanningar har betre gjennomføring, til dømes helse/sosial og undervisning, og mannsdominerte utdanningar, til dømes matematisk-naturvitskaplege fag og ingeniør, har lægre gjennomføring (DBH, 2019).

### **Studia sine omgjevnader**

Vincent Tinto (Tinto, 1993) har, med utgangspunkt i Emile Durkheim sine arbeid om sjølv mord (Durkheim, Østerberg, & Roll, 1978), skapt ein teori om det å slutta i høgre utdanning. Tinto meiner at når studentar sluttar har det samanheng både med studenten sin eigen innsats og tilrettelegging frå studiestaden si side. Særleg legg Tinto vekt på at studenten opplever meistring og ei kjensle av å høyra til studiestaden. Når studentar sluttar, har ofte student og campus ikkje lukkast i å skapa slike gode opplevingar (Tinto, 2017).

Slike tankar er også noko av bakgrunnen for nettverket for studentar sin suksess i høgre utdanning, som HVL deltek i<sup>1</sup>. Satsinga byggjer mellom anna på initiativtakaren Harald Åge Sæthre si bok om å tilretteleggje for at studentane lukkast – der ein viser til at institusjonen bør arbeide systematisk med å leggje til rette for at overgangen frå vidaregåande til høgre utdanning skal gi studentane eit godt grunnlag for å gjennomføre utdanninga (Sæthre, 2014).

HVL har fleire utdanningar med relativt like studieprogram som blir tilbodne på fleire studiestader/campus. Det kan vera relativt store forskjellar på campusane både når det gjeld kultur, arbeidsmåtar og korleis ein møter studentane, og også når det gjeld storleik og bygningsmasse. Det er dermed interessant å undersøke om **campus** har betydning for gjennomføringsgraden.

## Individuelle faktorar

### Studentane sin bakgrunn

- Studiar (Elisabeth Hovdhaugen, 2013) viser at det er klar samanheng mellom **karakternivå frå vidaregåande skule** og risiko for fråfall i høgre utdanning. Det ser ut til at det går ei grense kring karakteren 4 i snitt frå vidaregåande skule. Dei som har 4 eller betre har redusert risiko for fråfall (Nedregård, 2018). For nokre studium kan det likevel vera meir enn det generelle karakternivået som har betydning: (Opstad Leif, Hans Bonesrønning, & Fallan, 2017) viste at type matematikk i den vidaregåande skulen hadde betydning for resultatane på utvalde fag ved handelshøgskulen på NTNU. Ein analyse av startkompetanse og gjennomstrøyming for HVL-studentar viste at det for nokre studium ved tidlegare HSH var norsk-karakteren eller matematikk-karakteren som påverka gjennomføringa, og ikkje nødvendigvis gjennomsnittskarakteren frå vidaregåande skule (Waage, 2017).
- Sosial bakgrunn og særleg **foreldra sitt utdanningsnivå** har betydning for fråfall. **Innvandrarbakgrunn** betyr mindre (SSB, 2019)
- **Kjønn** har betydning for både fråfall og gjennomstrøyming. Ein større del av kvinner enn av menn gjennomfører utdanningsløpet (SSB, 2019). For menn gjeld dette uavhengig av om utdanningsprogrammet er manns- eller kvinnedominert. Kvinner har lægre fråfall ved kvinnedominerte program (Mastekaasa A, 2008). Ein studie av profesjonsutdanningane ved OsloMet, konkluderer med at menn har større fråfall enn kvinner ved dei kvinnedominerte utdanningane grunnskulelærar og sjukepleie (Nedregård, 2018)

---

<sup>1</sup> Ei nærare skildring av nettverket er gitt på nettsidene til nettverket: <https://nfye.w.uib.no/>

- Sjansen for fråfall aukar di **eldre** du er når du byrjar studiet (Hovdhaugen E og Aamodt, 2005)
- Gut med foreldre med lite utdanning, dårlege karakterar frå vidaregåande, som byrjar seint å studera og kjem frå høgskulen/universitetet sitt geografiske nærrområde har størst sjanse for fråfall. Innvandrarbakgrunn eller fag/studieretning betyr lite i denne samanhengen (Hovdhaugen E og Aamodt, 2005) (E. Hovdhaugen, 2009).

## **Studentane sin livssituasjon og integrasjon i studiemiljøet**

Danmarks evalueringsinstitutt og danske forskarar har retta søkelyset mot samanhengen mellom ulike sider ved studentane sin livssituasjon og gjennomstrøyming og fråfall i utdanningsløpet (EVA, 2019). I arbeidet tek dei utgangspunkt i Vincent Tinto sine teoriar og modellar (Tinto, 1993) om samanhengen mellom fagleg og sosial integrasjon i studiemiljøet og fråfall i utdanningane. Også ved Universitetet i Oslo er det gjennomført undersøkingar der ein er oppteken av slike samanhengar (Universitetet i Oslo, 2011). Ein hovudtanke er at levekår og ein livssituasjon som legg til rette for fagleg og sosial integrasjon i studielivet har betydning for læring og trivsel, og dermed risikoen for fråfall i studieløpet.

Nyare studiar frå Danmark (EVA, 2019) (Wallner, 2018), ser spesielt på studentane sin bustadsituasjon og kva samanheng det er mellom denne og fråfall i løpet av første studieår. Rapportane konkluderer med at studentar som flyttar til studiestaden i samband med studiestart har lægre fråfall, og at lang transporttid aukar risikoen for fråfall. Den eine studien (Wallner, 2018) viser at risikoen for fråfall aukar med så mykje som 5% for kvar 10 minutt auka reiseavstand. Det betyr at ein person som har 60 minutt reisetid ein veg til studiestaden har 30% høgre risiko for fråfall enn ein student som bur kloss i undervisningsstaden (0 minutt reisetid), gitt at dei to er heilt like med omsyn til ulike bakgrunnsvariablar som karakterar frå vidaregåande skule, alder, kjønn mm. Forfattarane meiner at dette ikkje er overraskande; viss du brukar meir tid på transport, og alt anna er likt, så har du mindre tid til å studera og å bli integrert i studielivet. Når det gjeld flytting, viser studien at risikoen for fråfall vert redusert med 15% for dei som flyttar ved starten av studiet jamført med dei som ikkje flyttar.

Det finst også norske studiar som er innom dei same problemstillingane (E. Hovdhaugen, 2009). Mellom anna viser Marit Egge (Egge, 1992) at studentar som opplever manglande sosial integrasjon lettare fell frå i studiet.

## Andre faktorar

- **Fagleg interesse** som grunngeving for å starta utdanninga minskar faren for fråfall (Hovdhaugen E og Aamodt, 2005). I ein studie frå 2018 (Nedregård, 2018), oppgir økonomistudentar mindre fagleg interesse som grunnlag for utdanningsval, og dette vert tolka som ei årsak til høgt fråfall i økonomiutdanningane.
- Studentar som har eit klart **mål om å ta ein bestemt grad** når dei byrjar har mindre sjanse for fråfall (Hovdhaugen E og Aamodt, 2005)
- Studentar som er **til stades i undervisninga, er engasjerte og aktive i studiet** har mindre sjanse for alle typar fråfall (E. Hovdhaugen, 2009)
- **Fagleg og sosial integrasjon i studiemiljøet og tilknytning til sosiale nettverk på campus** bidreg til fullføring av studiet (Universitetet i Oslo, 2011).
- **Moderat jobbing ved sidan av studiane** synest ikkje å påverka fråfall (E. Hovdhaugen, 2019)

Også forhold som ligg utanfor sjølve studiesituasjonen, det som kan kallast «**personlege tilhøve**» kan påverka gjennomstrøyming og fråfall, slik som sjukdom, økonomiske forhold, familiesituasjon og omsorgsoppgåver. I Norge er det få studiar som omhandlar dette, men ein studie som såg på fråfall frå grunnskulelærerutdanninga i Stavanger i 2007, viser at nær halvparten av dei som slutta grunngav det med personlege forhold (Fauskanger J, 2011).



# Datagrunnlag og metode

## Datagrunnlag

I denne analysen vil me ikkje gå inn på strukturelle årsaker knytt til utdanningssystemet som heilskap, ettersom heile utvalet i datagrunnlaget er knytt til HVL og dermed til det norske utdanningssystemet.

Me har ikkje høve til å gå nærare inn på spørsmålet om det er forskjellar mellom å bytte studium eller å slutte å studere, då me ikkje har kunnskap om dei studentane som har falle frå i studiane ved HVL har halde fram å studera ved ein annan institusjon eller om dei har forlate høgre utdanning for godt.

Datagrunnlaget vårt er først og fremst registerdata henta frå Felles studentsystem (FS) med hjelp av rapporteringsverktøyet Star-Tableau<sup>2</sup>. Her har me tilgang til registerdata på individnivå knytt til mellom anna studiepoengproduksjon, kjønn, alder ved opptak, heimstadadresse og kva studieprogram studenten tilhøyrrer. Dataa er tilgjengelege for mange år tilbake i tid, men registreringspraksis kan på nokre område ha vore ulikt på tvers av dei tidlegare høgskulane før fusjonen i 2017.

I vårt datagrunnlag har me tilgang til det postnummeret studentane registrerer som heimeadresse i Studentweb. Me har vidare tilgang til ei avstandsmatrise som viser reisetid mellom HVL sine fem campus og alle postnummer i Noreg. Det gir høve til å seia noko om reiseavstand mellom oppgitt heimstad og campus.

Me har ikkje tilgang til meir kvalitative data om til dømes personlege forhold, trivsel og integrasjon i studiemiljøet, som ei spørjegransking blant studentane kunne gitt grunnlag for. Men me nyttar oss av tilgjengelege data, mellom anna frå studiebarometeret.no og andre studentundersøkingar, i den grad desse er relevante for dei spørsmåla me reiser.

---

<sup>2</sup> <https://www.fellesstudentsystem.no/applikasjoner/star/>

I vårt datagrunnlag har me dermed høve til å inkludere følgjande variablar som er knytt til studentane sin bakgrunn: **Gjennomsnittskarakteren frå vidaregåande skule, kjønn, alder ved opptak og avstand studiestad-heimstadadresse.**

HVL har ein profesjons- og arbeidslivsretta profil med høg grad av profesjonsutdanningar. Det er likevel skilnader mellom utdanningane. I analysen har me valt å operasjonalisere forskjellar mellom utdanningane på to ulike måtar: **Fakultet** og **Type studium**.

I tillegg vil me gjennomføre **analysar for utvalde studium** for å identifisere korleis dei ulike forklaringsvariablane påverkar gjennomføringa på gitte studium.

Som verktøy i analysearbeidet nyttar vi SPSS, ei programvarepakke med grafisk grensesnitt for statistiske utrekningar.

## **Operasjonalisering av den avhengige variabelen for gjennomføringsgrad**

I tabellane over har me sett på skilnad mellom gjennomføringsgrad på tvers av tidlegare høgskular (campus) og ulike studietypar. Dette datamaterialet vil innebere bruk av relativt gamle tal, ettersom dei nyaste kulla me kan inkludere i analysen er kull med start i 2015 og 2016. Me søkjer dermed å finne ein avhengig variabel som gjer oss i stand til å bruke data for nyare kull.

Ved hjelp av Star-Tableau kan me sjå på samanhengen mellom studiepoengproduksjon første studieår og oppnådd kvalifikasjon etter seks semester for bachelorutdanningar ved HVL på heiltid med startår 2015 og 2016:

Tabell 3 Kvalifikasjon etter seks semester (kjelde: FS)

Kvalifikasjon etter 6 semester	0 stp	1-15 stp	16-30 stp	31-45 stp	46-59 stp	60 stp	Over 60 stp	Totalt
Ikkje kvalifikasjon	97 %	98 %	81 %	54 %	38 %	21 %	16 %	43 %
Oppnådd kvalifikasjon	3 %	2 %	19 %	46 %	62 %	79 %	84 %	57 %
Totalsum	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Tabellen viser at det for kull 2015 og 2016 samla var 57 % som hadde oppnådd kvalifikasjon etter seks semester. Star-Tableau-rapporten viser vidare at det er ein klar samanheng mellom mengd studiepoeng produsert første studieår og om studenten oppnår kvalifikasjon på normert tid. Medan 79 % av studentane med 60 studiepoeng etter eitt studieår hadde oppnådd kvalifikasjon etter normert tid, var til dømes delen med kvalifikasjon etter normert tid berre 19 % for dei studentane som hadde 16-30 studiepoeng etter første studieår.

**Tal studiepoeng første studieår** er dermed ein mogleg avhengig variabel når me skal sjå på kva som påverkar gjennomføringsgraden. For å få mest mogleg oppdaterte tal, nyttar me kull 2017 og kull 2018. Ved hjelp av rapporteringsverktøyet Star-Tableau kan me for desse kulla hente ut ei rekkje andre variablar på personnivå som grunnlag for å vurdere kva som påverkar mengd studiepoeng første studieår.

### Kjenneteikn ved den avhengige variabelen: Studiepoeng første studieår

For å redusere feilkjeldene har me i datasettet gjort følgjande spesifikasjonar:


- Avgrensar utvalet til å gjelde kull tatt opp i 2017 og 2018.
- Inkluderer berre 3-årige bachelorprogram og 5-årige masterprogram i analysen.

- Inkluderer berre heiltidsprogram. Studiepoengproduksjonen er ofte ujamn på tvers av studieåra i deltidsprogram, og det vil dermed vera ei feilkjelde å inkludere desse.
- Tar vekk studentar som ikkje har vore registrert som aktive første semester.
- Tar vekk studentar med opptakstypekodene innpass og overflytting.
- Legg til beståtte studiepoeng ut over normert studiepoengproduksjon i 3. og 4. semester. Dette fordi gjentak av eksamen blir registrert påfølgjande semester.

Med desse spesifikasjonane er tal studentar i datamaterialet 6699.

Gjennomsnittleg mengd studiepoeng etter eitt studieår er 48,5, der flest studentar (62,2 %) har bestått 60 studiepoeng etter første studieår:

Figur 1 Fordeling studiepoengproduksjon i utvalet (kjelde: FS)



Når me i analysen skal vurdere statistisk sannsynlegheit av kva som påverkar mengd beståtte studiepoeng 1. studieår, er fordelinga i populasjonen relevant: Me kan her sjå at fordelinga ikkje er normalfordelt, men med hovudtyngde (modus) på 60 studiepoeng. Basert på at det var ein tydeleg samanheng mellom studiepoeng første studieår og om studenten fullfører på normert tid, vil me derfor i den vidare analysen vurdere følgjande problemstilling:

- ***Kva påverkar om studenten har bestått 60 studiepoeng eller meir i løpet av første studieår?***

## Modell for analyse

Med utgangspunkt i gjennomgangen av forskning, legg me følgjande modell til grunn for analysen:

$$Gjennomføringsgrad = \alpha_1 \text{Individuelle årsakar} + \alpha_2 \text{Institusjonelle årsakar}$$

$$\gamma_i = \alpha_1 X_1 + \alpha_2 X_2 + \alpha_3 X_3 + \alpha_4 X_4 + \alpha_5 X_5 + \alpha_6 X_6$$

Der

$\gamma_i$  er mengd studiepoeng etter eitt studieår (inkl gjentak)

$X_1$  er kjønn (dummyvariabel der 1 er kvinne)

$X_2$  er alder ved opptak (numerisk variabel)

$X_3$  er snittkarakteren frå vidaregåande skule (numerisk variabel)

$X_4$  er avstand studiestad-heimstad (dummyvariabel der Under 30 minutt er referansekategori målt mot «30 min-1 time», «1-2 timar» og «over 2 timar».

$X_5$  er variablar knytt til type studium (Dummyvariablar med Fakultet eller type studium).

$X_6$  er campus (Dummyvariabel der Bergen er referansekategori målt mot Førde, Haugesund, Sogndal og Stord).

# Deskriptiv statistikk og bivariate analysar

64,9 % av utvalet har 60 studiepoeng eller meir etter eitt studieår (inkl. gjentak). I dei bivariate analysane nedanfor ser me på samanhengen mellom dei ulike uavhengige variablane og studiepoengproduksjon første studieår for utvalet samla sett. I vedlegg 2 har me gjennomført dei bivariate analysane for følgjande studium: Sjukepleie, barnehagelærer, grunnskulelærer, økonomi og administrasjon og ingeniør.

## Variasjonar mellom kjønn

Tabell 4 Variasjonar mellom kjønn i utvalet (kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total	n
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60		
Kvinner	5,9%	5,8%	7,2%	9,0%	69,2%	2,9%	100,0%	3889
Menn	11,1%	10,9%	11,3%	11,9%	52,5%	2,4%	100,0%	2810
Totalt	8,1%	7,9%	8,9%	10,2%	62,2%	2,7%	100,0%	6699

Tabellen stadfestar det me har sett frå forskning. Ein større del av kvinnene står med 60 studiepoeng eller meir etter første studieår og ein større del av mennene står med få studiepoeng.

## Variasjonar mellom aldersgrupper

I analysen har me inkludert alder ved opptak som ein variabel på skalanivå der yngste student var 18 år ved opptak, medan den eldste studenten var 62 år. Gjennomsnittsalderen ved opptak er 22,04, standardavviket 2,5 og medianverdien 21 år. Ser me på fordelinga mellom ulike aldersgrupper og studiepoengproduksjon finn me:

Tabell 5 Variasjonar mellom aldersgrupper (Kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total	N
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60		
Under 20	6,2%	7,5%	8,4%	9,4%	65,9%	2,6%	100,0%	1752
20-24	7,1%	7,2%	8,4%	10,4%	64,0%	2,9%	100,0%	3838
25-29	14,9%	9,4%	11,7%	11,5%	50,4%	2,1%	100,0%	711
30-34	15,2%	13,7%	8,3%	8,3%	51,5%	2,9%	100,0%	204
35-39	15,5%	5,2%	19,6%	10,3%	49,5%		100,0%	97
40 +	10,3%	22,7%	8,2%	9,3%	47,4%	2,1%	100,0%	97
Totalt	8,1%	7,9%	8,9%	10,2%	62,2%	2,7%	100,0%	6699

Tabellen viser at unge studentar hadde teke fleire studiepoeng etter første studieår enn eldre studentar. Skilnaden er størst mellom dei yngste gruppene (24 år og yngre) og den eldste aldersgruppa (40 år og eldre). Også det er i samsvar med det me veit frå forskning.

## Variasjon etter avstand studiestad og heimstadsadresse

Gjennom ei avstandsmatrise har me kunna sjå på reisetid mellom det som er registrert som studentane sine heimstadsadresser og høgskulen sine ulike campusadresser. Me presenterer her data for heile utvalet, men også fordelinga per studiestad:

Tabell 6 Fordeling av tid mellom studiestad og registrert heimeadresse mellom campusane (kjelde: FS)

	Bergen	Førde	Haugesund	Sogndal	Stord	HVL
Under 30 min	57,0%	28,3%	56,4%	18,8%	24,9%	46,6%
30 min-1 time	3,4%	3,9%	5,1%	2,2%	10,9%	3,8%
1-2 timer	4,4%	13,6%	12,4%	8,8%	52,8%	9,5%
Over 2 timer	35,2%	54,3%	26,0%	70,3%	11,4%	40,1%
Totalt	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%

Tabellen reflekterer den svært ulike rekrutteringssituasjonen for dei fem campusane. Sogndal og dels Førde har lite befolkningsgrunnlag i nærområdet og rekrutterer breitt geografisk. I Sogndal har 71 % av studentane heimstad med meir enn 2 timar reisetid til Campus Sogndal. Me har ikkje informasjon om dette, men det er grunn til å rekna med at dei aller fleste av desse har flytta til studiestaden, då ingen av dei aktuelle utdanningane er lagt opp som deltidsstudium med samlingar eller nettstøtte.

Rekrutteringa i Bergen og Haugesund er derimot i stor grad basert på nærområdet. Kring 57 % av studentane i Haugesund og Bergen oppgir heimstadsadresse med mindre enn 30 minuttar reisetid til campus. Om desse blir buande heime eller om dei flytter i eigen bustad, veit me ikkje.

Stord er i ei mellomstilling med at storparten av studentane har ei reisetid som kan gjera pendling mogeleg. Berre 11 % oppgir heimstad med meir enn to timar reisetid til campus. Derimot oppgir over halvparten (53 %) 1-2 timar reisetid og i tillegg 11% reisetid mellom 30 og 60 minuttar. Dette utgjer nesten 2/3 av studentmassen og for desse kan pendling vera mogeleg. Det kan vera grunn til å rekna med at dei som har meir enn ein times reiseavstand pendlar så sjeldan som mogeleg, og at dei såleis ikkje oppheld seg på campus meir enn høgst nødvendig. Uansett betyr det at dei har så mykje frávær eller brukar så mykje tid på reising at det kan ha betydning for integrasjon i det faglege og sosiale livet på studiestaden.

Sogndal og Stord representerer ytterpunktta når det gjeld reisetid. I Sogndal har over 70% av studentane reisetid over 2 timar frå heimstad til studiestad. Me går ut frå at dei aller fleste av desse har flytta til studiestaden. I Stord er tilsvarende del 11%.

I Bergen og Haugesund er biletet prega av at det er tale om byar med relativt stort folketal i det nære omlandet. Kring 57% av studentane på desse to campusane har heimstadsadresse mindre enn 30 minutt frå adressa til studiestaden. Uansett om desse blir buande heime eller flyttar, har dei kort reiseavstand. Likevel kan det i følgje forskning ha betydning om dei flyttar heimefrå eller ikkje (Hovdhaugen E og Aamodt, 2005).

Sogndal skil seg også her ut med at berre knapt 19% av studentane har reiseavstand mindre enn 30 minuttar.

I Førde har ein større del av studentane ved ingeniør og ein mindre del av studentane ved sjukepleie kort reisetid. Rekrutteringa til ingeniør er altså i større grad lokal enn for sjukepleie. I Haugesund har særleg sjukepleiestudentane kort reiseavstand. Ytterpunktet når det gjeld stor andel studentar med lang reiseavstand mellom heimstad og studiestad er dei naturfaglege studentane ved FIN i Sogndal. 80% av dei har meir enn 2 timars reiseavstand.



I stor grad har kvar campus sin profil når det gjeld rekruttering av studentar og dermed reisetid mellom heimstad og studiestad. Me er interessert i å finna ut om reiseavstand har noko å seia for spørsmål om gjennomstrøyming og fråfall.

Tabell 7 Variasjonar mellom tid studiestad og registrert heimeadresse (kjelde: FS og avstandsmatrise)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60	
Under 30 min	9,5%	9,3%	10,0%	9,7%	59,1%	2,3%	100,0%
30 min-1 time	5,1%	9,8%	11,7%	8,6%	63,7%	1,2%	100,0%
1-2 timer	7,2%	7,7%	9,6%	8,6%	63,9%	3,0%	100,0%
Over 2 timer	6,8%	6,0%	7,2%	11,4%	65,4%	3,2%	100,0%
Totalt	8,0%	7,9%	8,9%	10,2%	62,3%	2,7%	100,0%

n=6682

Det er størst prosentdel med 60 studiepoeng eller meir blant dei som har reisetid over to timar, og som me reknar med har flytta til studiestaden. Dei med kortast reisetid, som me i hovudsak reknar med er frå studiestaden sitt nærrområde, har størst del med få studiepoeng etter første studieår. Det er i samsvar med det me har sett frå forskning.

## Variasjonar etter karaktersnitt frå vidaregåande skule

I analysen har me inkludert gjennomsnittskarakter frå vidaregåande skule som ein variabel på skalanivå. Denne variabelen inkluderer alle karakterane frå vitnemålet (både standpunkt og eksamen) som blir summert opp og dividert med mengd karakterar (UNIT, 2020). Gjennomsnittskarakteren i utvalet er 4,1, med eit standardavvik på 0,6. Minste gjennomsnittskarakter ved opptak er 2,2, medan høgste er 5,9. Ser me på fordelinga mellom ulike karaktergrupper og studiepoengproduksjon finn me<sup>3</sup>:

---

<sup>3</sup> Her er 1,5-2,49 gruppert som 2, 2,5-3,49 gruppert som 3 osv.

Tabell 8 Variasjonar mellom ulike karaktergjennomsnitt frå vidaregåande skule i utvalet (kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total	n
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60		
2,00	14,3%	7,1%	7,1%	28,6%	35,7%	7,1%	100,0%	14
3,00	14,2%	13,5%	11,6%	12,6%	46,5%	1,7%	100,0%	908
4,00	7,1%	7,5%	8,8%	10,8%	62,5%	3,3%	100,0%	3497
5,00	4,9%	5,0%	6,3%	7,1%	74,5%	2,2%	100,0%	1657
6,00	5,1%	5,1%	7,7%	2,6%	76,9%	2,6%	100,0%	39
Totalt	7,6%	7,7%	8,5%	10,1%	63,4%	2,8%	100,0%	6115

Som ein kunne venta på bakgrunn av forskning, viser tabellen at karaktersnitt frå vidaregåande skule har betydning for tal avlagde studiepoeng etter første studieår. Meir enn  $\frac{3}{4}$  av dei med karaktersnitt 5 eller høgre tok 60 studiepoeng eller meir første studieår. Tilsvarende tal for dei med karaktersnitt 3 eller dårlegare er under 50%.

## Variasjonar mellom fakultet, institutt og utdanningstype

Det er store variasjonar mellom fakulteta både i mengd studentar som inngår i utvalet og i høve studiepoengproduksjon:

Tabell 9 Variasjonar i avlagte studiepoeng første studieår mellom fakultet (kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total	n
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60		
FHS	5,1%	5,5%	6,6%	8,1%	70,8%	3,8%	100,0%	1968
FIN	10,9%	12,9%	11,7%	12,1%	48,2%	4,2%	100,0%	1630
FLKI	6,0%	3,6%	7,0%	6,2%	76,5%	0,6%	100,0%	2101
FØS	13,6%	13,5%	12,9%	19,4%	38,1%	2,5%	100,0%	1000
Total	8,1%	7,9%	8,9%	10,2%	62,2%	2,7%	100,0%	6699

Variasjonane på fakultetsnivå er vesentlege og i hovudsak i samsvar med det me veit frå forskning. Studentane ved profesjonstunge fakultet med fleirtal av kvinner tek i gjennomsnitt fleire studiepoeng i løpet av første studieår enn studentar ved dei generelle fagstudia og utdanningsprogramma. Både ved FHS og FLKI er tyngda av utdanningsprogramma profesjonsretta og kvinnedominerte, medan ved FØS og FIN er det større innslag av fagorienterte utdanningar med større innslag av menn. Ingeniør vert vanlegvis rekna som profesjonsutdanning, men

har som andre matematisk-naturvitenskaplege og teknologiske utdanningar større fråfall og dårlegare gjennomføring enn profesjonsutdanningane retta mot helse/sosial og undervisning.

I vedlegg 1 viser me oversikt over kva studieprogram som inngår i dei ulike typane studium og mengd studentar på kvart av studieprogramma.

## Nærare om FHS

Tabell 10 Variasjonar i avlagte studiepoeng første studieår på FHS (kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60	
Sjukepleie	5,2%	4,5%	7,0%	12,0%	65,1%	6,2%	100,0%
Sosialfag	2,1%	4,5%	4,5%	1,2%	84,9%	2,7%	100,0%
Terapeutiske fag	8,7%	7,6%	6,4%	4,5%	72,3%	0,4%	100,0%
Vernepleie	2,2%	5,7%	7,0%	3,5%	81,6%		100,0%
Andre helsefag (radiografi)	11,5%	14,6%	9,4%	10,4%	54,2%		100,0%
Total	5,1%	5,5%	6,6%	8,1%	70,8%	3,8%	100,0%

n=1968

Ved FHS er studiepoengproduksjonen generelt høg. Kring tre av fire står med minst 60 studiepoeng etter første året. Både sosialfag, vernepleie og sjukepleie har høg prosentdel som tek 60 studiepoeng eller meir i løpet av første studieår.

## Nærare om FLKI

Tabell 11 Variasjonar i avlagte studiepoeng første studieår på FLKI (kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60	
Grunnskulelærerutdanning	2,8%	1,8%	6,9%	7,4%	80,2%	0,9%	100,0%
Barnehagelærerutdanning	9,9%	6,8%	8,3%	3,7%	71,2%	0,1%	100,0%
fag- og yrkeslærerutdanningar		25,0%			75,0%		100,0%
Idrettsfag	4,9%	2,2%	4,0%	12,4%	76,1%	0,4%	100,0%
Musikk, dans og drama	11,1%	3,7%		3,7%	77,8%	3,7%	100,0%
Språkutdanningar	14,5%		10,9%		74,5%		100,0%
Andre helsefag (folkehelse)	6,4%		4,3%	2,1%	85,1%	2,1%	100,0%
	6,0%	3,6%	7,0%	6,2%	76,5%	0,6%	100,0%

n=2101

Også FLKI har god studiepoengproduksjon på fakultetsnivå. Meir enn tre av fire studentar står med 60 studiepoeng etter første året, noko som er godt i samsvar med det me veit frå forskning. Noko mindre del står med 60 poeng eller meir ved barnehagelærerutdanninga, men elles er det relativt små variasjonar mellom studieprogramma ved FLKI.

## Nærare om FIN

Tabell 12 Variasjonar i avlagte studiepoeng første studieår på FIN (Kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60	
Bygg- og anleggsgag	8,6%	11,3%	8,3%	11,9%	48,1%	11,9%	100,0%
Elektrofag	12,6%	10,4%	13,4%	12,3%	48,0%	3,3%	100,0%
Fysiske og kjemiske fag	16,7%	16,7%	8,3%	10,7%	45,2%	2,4%	100,0%
Informasjons- og datateknologi	10,5%	20,6%	16,4%	12,6%	37,4%	2,4%	100,0%
Mekaniske fag	16,7%	12,2%	12,2%	9,2%	49,0%	0,7%	100,0%
Tryggleik	15,8%	21,1%	10,5%	10,5%	39,5%	2,6%	100,0%
Matematisk-naturvitenskapelige fag	2,0%	6,0%	13,3%	20,0%	56,7%	2,0%	100,0%
Andre helsefag (bioingeniør)	3,7%	6,4%	6,4%	11,0%	72,5%		100,0%
	10,9%	12,9%	11,7%	12,1%	48,2%	4,2%	100,0%

n=1638

Ved FIN er det ein større del av studentane som har få studiepoeng etter første studieår og mindre del med 60 poeng eller meir. Det er også i samsvar med det me kan rekna med ut frå forskning. Litt over halvdel av studentane tek minst 60 poeng eller meir i første studieår. Institutt for miljø- og naturvitenskap og bioingeniør (som er plassert under andre helsefag) har størst andel med høg studiepoengproduksjon. Utdanningane innan data, elektro og realfag har størst prosentdel studentar med få studiepoeng etter første studieår.

## Nærare om FØS

Tabell 13 Variasjonar i avlagte studiepoeng første studieår på FØS (kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60	
Historisk-filosofiske utdanningar	26,9%	15,4%	11,5%	7,7%	30,8%	7,7%	100,0%
Hotell- og reiselivsfag	10,3%	6,9%	6,9%	32,2%	41,4%	2,3%	100,0%
Maritime navigasjonsfag	12,1%	12,1%	9,9%	16,5%	49,5%		100,0%
Sosiologiske fag	2,1%	4,3%	44,7%	21,3%	25,5%	2,1%	100,0%
Økonomisk-administrative fag	14,4%	15,0%	12,0%	18,6%	37,4%	2,7%	100,0%
	13,6%	13,5%	12,9%	19,4%	38,1%	2,5%	100,0%

n=1000

Ved FØS er det berre 40% av studentane som står med minst 60 studiepoeng etter første studieår. Låg gjennomstrøyming og stort fråfall er også i samsvar med det biletet forskinga gir av slike generelle og ikkje tydeleg profesjonsretta utdanningar, som er dei dominerande ved dette fakultetet. Det er noko større del som står med 60 studiepoeng etter første året ved bachelor i nautikk og minst del ved bachelor i eigedomsmekling.

## Variasjonar mellom campus

Med utgangspunkt i analysen av gjennomføring på normert tid ved dei tre høgskulane som vart fusjonert til HVL i 2017, er det av interesse å sjå om dei same variasjonane viser igjen på campusnivå i den nye høgskulen:

Tabell 14 Variasjonar i avlagte studiepoeng første studieår mellom campus (kjelde: FS)

	Beståtte studiepoeng 1. studieår (gruppert)						Total	n
	Ingen stp	1-29,5	30-44,5	45-59,5	60 stp	Over 60		
Bergen	8,1%	8,0%	8,7%	8,6%	64,7%	1,9%	100,0%	4059
Førde	5,2%	6,9%	9,1%	17,6%	42,7%	18,5%	100,0%	363
Haugesund	14,1%	14,4%	9,5%	14,8%	46,0%	1,2%	100,0%	661
Sogndal	6,1%	4,8%	9,1%	12,5%	65,2%	2,3%	100,0%	1194
Stord	6,9%	6,4%	9,0%	5,2%	72,3%	0,2%	100,0%	422
HVL	8,1%	7,9%	8,9%	10,2%	62,2%	2,7%	100,0%	6699


På campusnivå skil Haugesund seg ut med størst del med få studiepoeng og minst del med studiepoeng tilsvarande normert framdrift. Dette indikerer eit samsvar med det me såg når det galdt dei gamle høgskulane, der HSH markerte seg med høgre fråfall enn HiSF og HiB. Men dette gjeld ikkje Stord på campusnivå. Det er grunn til å leita nærare etter forklaringar på dette, og det mest nærliggjande ut frå det me veit frå forskning er kva slags fakultet og utdanningsprogram som er dominerande på dei ulike campusane.

Vedlegg 4 viser ei oversikt over studiepoengproduksjonen på ulike typar studium på ulike campus. Variasjonane mellom campusane viser at noko av skilnadene i tal avlagde studiepoeng etter første studieår heng saman med kva type utdanning som dominerer ved dei ulike campusane. For å koma vidare med å forstå kva slags forhold som påverkar dette, er det behov for ein analyse som gjer det mogeleg å finna ut kva slags faktorar som påverkar studiepoengproduksjonen etter første studieår (avhengig variabel) og kor mykje dei ulike faktorane tel.

### **Campus og karakterfordeling**

Ettersom det er så sterk samanheng mellom karakternivået frå vidaregåande skule og studiepoengproduksjonen, er det også interessant å sjå på samanhengen mellom campus, karakternivå og studiepoengproduksjon:

Figur 2 Variasjonar i studiepoengproduksjon mellom campusane, gitt ulike karaktergjennomsnitt (Kjelde: FS)



Me har her valt å ikkje inkludere tala for studentane med 2 eller 6 i gjennomsnitt, ettersom det er få studentar i utvalet i desse gruppene.

- For studentane med mellom 2,5 og 3,49 i gjennomsnitt (her gruppert ved 3), ser me at Stord skil seg ut i positiv forstand, ved at ein høg del av studentane har 60 stp. I motsett ende skil Haugesund seg ut med låg del med full studiepoengproduksjon etter eitt studieår.
- For studentane med mellom 3,5 og 4,49 (her gruppert ved 4) er det mindre forskjellar, men her skil Sogndal og Stord seg positivt ut, medan Haugesund framleis har lågast del med full studieprogresjon.
- For studentane med mellom 4,5 og 5,49 (her gruppert ved 5) i snitt er det framleis Sogndal og Stord som skil seg positivt ut, medan det her er Førde og Haugesund som har lågast del med full studieprogresjon.

Ettersom me tidlegare har sett at det er så store variasjonar mellom ulike type studium, har me laga tilsvarende oversikt i vedlegg 2.

- For sjukepleie gjenkjenner me tendensen med at studentar med 3 i gjennomsnitt i størst grad har full studieprogresjon, medan andelen er lågast i Haugesund. For studentar med gjennomsnittskarakter 4 er det ingen forskjell, medan ein litt høgare del studentar med 5 i snitt i Førde har lågare studiepoengproduksjon første studieår.

